

# KVARTALSRAPPORT

## 1. kvartal 2008



I samband med lansering av ny logo i SpareBank 1 fekk banken ein del gammalt reklamemateriell til overs. Dette ville vi gje til eit godt formål. Hjelpeorganisasjonen Deaf Aid, som hjelper døve born i Kenya, fekk dermed eit solid tilskott med sekker, bager, klede og mykje anna materiell til innsamlingsaksjonen sin.

**SpareBank**  
HALLINGDAL



### **Kommentarar 1. kvartal 2008**

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85 % av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS. Dotterselskapa har liten påverknad på konsernrekneskapan, og rapporten omhandlar difor morbanken.

### **Resultatutviklinga**

Banken har eit driftsresultat etter skatt pr. 1. kvartal på 11,3 mill. kroner som tilsvarar 0,88 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 6,0 mill. kroner. Resultatet er høgare enn forventa.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 27,5 mill. kroner mot 21,1 mill. i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er pr. 1. kvartal på 2,15 %. På same tid i fjor var rentenettoen 2,01 %.

Netto andre driftsinntekter er på 9,4 mill. kroner mot 8,0 mill. i same periode i fjor. Auken på dette området kjem av omlegging til kvartalsvis konsernrapportering. Bokført utbytte frå konsernselskap utgjer vel 1,6 mill. kroner i første kvartal. Dotterselskapa skal normalt ikkje ha den store innverknaden på morbanken sin rekneskap, men i 1. kvartal har SpareBank 1 Hallingdal Invest AS gjennomført sal av aksjane i Torpomoen Eigedom AS med bokført gevinst på 1,8 mill. kroner. Gevinsten kjem som følgje av at eigarposten i det tilknyttta selskapet er nedskrive tidlegare år. Utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS er inntektsført med vel 1 mill. kroner i perioden.

Driftskostnadane viser ein liten auke frå 20,1 til 20,7 mill. kroner og er i hovudsak auka lønskostnader. Auken på 3 % er mindre enn generell lønsvækst. Kostnadsutviklinga er som forventa.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 0,8 mill. kroner, og er litt mindre enn forventa. Det er ikkje registrert nye tap i perioden og tapskostnaden er i hovudsak auke i gruppevis nedskrivingar.

Kvartalsresultatet er det beste banken har hatt i 1. kvartal og kjem som følgje av noko høgare rentenetto enn venta og realisasjonen av aksjar i dotterselskap. Resultatet er samla sett vel 3 mill. betre enn budsjettert.

### **Balanseutviklinga**

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 5.206 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 21,61 % siste 12 månader. Frå årsskiftet er auken 3,0 %.



Utlånsvolumet viser framleis vekst, men har avteke noko. Totale utlån ved utgangen av 1. kvartal er 4.587 mill. kroner, og det er 705 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 18,2 % siste 12 månader. Størst er veksten i bedriftsmarknaden med 28,4 % siste 12 månader. På privatmarknaden er auken siste 12 månader 12,4 %. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er 38,4 % av samla utlån og har auka noko siste kvartal. Utlån til privatmarknaden utgjer 61,6 %. Av utlån til privatkundar er 61 % i lokalmarknaden som er Hallingdal og Valdres. Til bedriftsmarknaden er heile 92 % til kundar i lokalmarknaden. Banken starta i 1. kvartal med overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Overført volum ved utgangen av kvartalet utgjer 66,5 mill. kroner og er ikkje med i balansetala. Reell utlånsvekst er difor høgare enn balansetala viser.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer pr 1. kvartal 34,7 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 0,75 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 16,5 mill. kroner pr. 1. kvartal og er ein auke frå 15,7 mill. ved utgangen av 2007. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 264,6 mill. kroner. Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 242,4 mill. kroner. Norske og utanlandske aksjar er bokført til kostpris 22,2 mill. Porteføljen har ein kursreserve på 2,0 mill. kroner. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 52,7 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 2.797 mill. kroner, og er ein auke på 304,5 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 12,2 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) aukar frå 58,9 % ved årsskiftet til 61,0 % ved utgangen av kvartalet. På same tid i fjor var den 64,2 %. Banken må i stor grad finansiere utlånsveksten med innlån i marknaden, men vil leggje ein del av bustadlånporteføljen over til SpareBank 1 Boligkreditt i løpet av året.

Ved utgangen av kvartalet har banken 5 obligasjonslån og 3 sertifikatlån på til saman 1.390 mill. kroner. Samla ekstern finansiering utgjer 1.767 mill. kroner. Av dette har 1.277 mill. kroner løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kroner i kommiterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,15 % ved utgangen av 1. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8 %. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

### Framtidsutsikter

Banken har hatt ein god start på året. Etter fleire år med god utlånsvekst kan det sjå ut til at veksten vil flate noko ut i 2008. Rentene er attende på eit meir normalt nivå etter norske tilhøve. Finanskrisa internasjonalt og spesielt i USA, har sett sitt preg også på den norske finansmarknaden. Når banken skal finansiere seg i marknaden, er kredittpåslaget i dag mykje høgare enn for berre eit år sidan. Det er venta at denne situasjonen vil halde seg til godt ut i 2009. Låntakarar vil etter kvart merke dette gjennom høgare prisar på lån.

Banken ønskjer å auke innskotsvolumet og vil ha fokus på dette i 2008. I 2. kvartal vil eit nytt innskotsprodukt bli lansert som me trur vil få god mottaking hjå våre kundar.

Me legg snart bak oss ein vinter med svært gode snøtilhøve. Snøen trekkjer turistar og gir god inntening til reiselivet, og gjer at næringa bør stå godt rusta til å møte investeringsbehovet for neste vintersesong.

Sal av fritidseigedomar går tregare enn tidlegare, men gode prosjekt med rett pris og plassering er framleis godt omsettelege. Utleigemarknaden ser ut til å tåle renteauken som har vore dei siste åra.

Hallingdal, 31.03.08/28.04.08

Kjell Vidar Bergo  
Formann

Kjell R. Kristiansen  
Nestformann

Vidar Isungset

Sissel Bjørøen

Berit Heitmann Skrindo

Mikael Fønhus

Cathrine Feght

## BALANSE PR. 31. MARS 2008

<b>EIGEDELAR</b>	<b>1. kvartal 2008</b>	<b>1. kvartal 2007</b>	<b>År 2007</b>	<b>Konsern</b>
1. Kontantar og fordringar på sentralbankar	20.396	33.018	21.626	20.396
3. Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	222.294	33.464	88.826	222.294
4. Brutto utlån	4.586.678	3.881.443	4.566.726	4.496.446
4.7. - Individuelle nedskrivningar	-5.301	-4.060	-5.333	-5.301
4.8. - Gruppevise nedskrivningar	-11.200	-9.830	-10.400	-11.200
4. Utlån til og fordringar på kundar	4.570.177	3.867.554	4.550.994	4.479.945
6. Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	242.388	232.283	247.608	242.388
7. Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	74.857	66.138	74.149	105.558
8. Immatrielle egedelar		0	0	17.695
9. Eigarinteresser i konsernselskap	24.670	4.389	23.034	0
11. Varige driftsmidlar	8.655	8.514	8.227	95.057
12. Andre egedelar	11.885	12.045	12.824	15.642
13. Forsk. bet. ikkje påløpte kostnader og oppt.innt.	30.623	23.253	27.196	37.488
<b>Sum egedelar</b>	<b>5.205.944</b>	<b>4.280.659</b>	<b>5.054.485</b>	<b>5.236.463</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>				
14. Gjeld til kredittinstitusjonar	381.874	383.170	377.000	386.050
15. Innskot frå og gjeld til kundar	2.797.179	2.492.673	2.689.459	2.793.168
16. Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1.265.198	706.552	1.265.111	1.265.197
17. Anna gjeld	24.709	19.683	25.879	24.770
18. Påløpte kostnader og mottatt ikkje oppt. innt.	44.634	23.797	15.817	45.728
19. Avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar	12.353	11.794	12.396	12.544
<b>Sum gjeld</b>	<b>4.525.947</b>	<b>3.637.669</b>	<b>4.385.662</b>	<b>4.527.457</b>

	1. kvartal 2008	1. kvartal 2007	År 2007	Konsern
Minoritetsinteresser				1.919
Fond for vurderingsforskjeller				29.641
Annan egenkapital				-2.576
22.2 Sparebanken sitt fond	660.923	637.006	660.923	660.923
22.3 Gåvefond	7.774	0	7.900	7.775
27. Resultat hittil	11.299	5.985	0	11.324
<b>Sum egenkapital</b>	<b>679.997</b>	<b>642.990</b>	<b>668.823</b>	<b>707.087</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>5.205.944</b>	<b>4.280.659</b>	<b>5.054.485</b>	<b>5.236.463</b>

#### POSTAR UTANOM BALANSEN

23. Garantiar	315.138	417.686	322.273	315.138
---------------	---------	---------	---------	---------

Hallingdal, den 31.03.2008 / 28.04.2008

Kjell Vidar Bergo  
formann

Kjell R. Kristiansen  
nestformann

Vidar Isungset

Sissel Bjørøen

Berit Heitmann Skrindo

Mikael Fønhus

Cathrine Fegth



**NØKKELTAL pr. 31.mars 2007**

( 1000 kroner / prosent )

	1 kvrt 2008	År 2007	År 2006	År 2005	År 2004	År 2003
<b>RENTABILITET</b>						
Driftskostnader i % av driftsinntekter	56,04 %	61,70 %	65,29 %	56,23 %	49,73 %	50,98 %
Driftskost. i % av driftsinnt.eks. verdipapir	56,87 %	64,46 %	68,11 %	66,01 %	58,97 %	60,42 %
Res. <u>etter</u> skatt i % av gjsn.forvaltn.kapital	0,88 %	0,69 %	0,82 %	1,45 %	1,31 %	1,36 %
Res. <u>etter</u> skatt i % av gjsn. egenkapital	6701,56 %	4,87 %	5,31 %	9,22 %	8,47 %	8,49 %
Gjennomsn. forvaltningskapital/antall årsverk	72.655	65.878	61.893	57.305	55.209	50.887
<b>SOLIDITET</b>						
Kapitaldekning	17,15 %	17,93 %	19,65 %	20,24 %	19,05 %	17,93 %
Eigenkapitalprosent	13,06 %	13,23 %	14,62 %	15,94 %	15,59 %	15,75 %
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,36 %	0,34 %	0,35 %	0,79 %	1,26 %	1,19 %
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,02 %	0,12 %	-0,03 %	-0,33 %	0,15 %	0,05 %
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	62,83 %	73,07 %	73,64 %	78,05 %	81,14 %	87,08 %
<b>FINANSIERING</b>						
Innskot i % av brutto utlån	60,98 %	58,89 %	66,03 %	70,47 %	67,69 %	66,77 %
Auke i forvaltn.kap. i % av forvaltn.kap.	3,00 %	15,99 %	16,89 %	7,26 %	9,96 %	13,40 %
Gjennomsn. forvaltningskapital (innev. år )	5.138.158	4.585.118	3.989.024	3.648.062	3.351.194	2.976.886
Forvaltningskapital	5.205.943	5.054.485	4.357.618	3.727.950	3.475.621	3.160.698
Berekningsgrunnlag	3.270.974	3.693.166	3.209.069	2.909.717	2.820.105	2.752.244
Brutto utlån	4.586.678	4.566.726	3.813.575	3.271.559	3.097.992	2.880.179
Innskot, kunder	2.797.179	2.689.459	2.518.020	2.305.533	2.096.964	1.923.111
Nedskrivningar	16.502	15.733	13.163	25.756	39.082	34.242
Gjennomsnittleg egenkapital	674	652.915	615.532	567.938	519.849	477.625
Antall årsverk	70,7	69,6	64,5	63,7	60,7	58,5



**UTLÅN, MISLEGHALD OG TAP pr. 31. mars 2008**Diverse spesifikasjoner  
(1000 kroner)

<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>1 kvrt 2008</b>	<b>2007</b>	<b>2006</b>	<b>2005</b>	<b>2004</b>	<b>2003</b>
Brutto misleghaldne lån	34.619	31.592	52.548	31.278	34.388	30.319
- individuelle nedskrivning	5.137	5.137	2.040	2.000	3.299	3.726
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>29.482</b>	<b>26.455</b>	<b>50.508</b>	<b>29.278</b>	<b>31.089</b>	<b>26.593</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>						
Brutto utlån	245	250	591	1.814	47.846	44.017
- individuelle nedskrivning	191	191	523	1.611	9.388	7.116
<b>NETTO IKKJE MISL.H. M/NEDSKR.</b>	<b>54</b>	<b>59</b>	<b>68</b>	<b>203</b>	<b>38.458</b>	<b>36.901</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>						
Endring gruppe nedskrivning	800	-200	600	-4.250	2.996	2.400
Endring individuell nedskrivning	-	2.765	-1.048	-9.076	1.844	-3.103
Amort nedskrivning	-	194	-123	-	-	-
Konstatert tap i perioden	37	2.945	858	3.761	469	2.361
Inngått på tidl.konst. tap	-34	-59	-1.475	-1.256	-581	-81
<b>PERIODENS TAP</b>	<b>803</b>	<b>5.645</b>	<b>-1.188</b>	<b>-10.821</b>	<b>4.728</b>	<b>1.577</b>
<b>INDIVIDUELLE NEDSKRIVING</b>						
Nedskrivning 01.01.	5.333	2.563	3.611	12.687	10.843	13.946
+ korr. inngående balanse	-	-177	-	-	-	-
+/- periodens nedskrivning	-31	2.947	-1.048	-9.076	1.844	-3.103
<b>INDIVIDUELL NEDSKRIVING</b>	<b>5.302</b>	<b>5.333</b>	<b>2.563</b>	<b>3.611</b>	<b>12.687</b>	<b>10.843</b>
<b>GRUPPE NEDSKRIVING</b>						
Nedskrivning 01.01.	10.400	10.600	22.145	26.395	23.399	20.999
+/- periodens gruppe nedskrivning	800	-200	600	-4.250	2.996	2.400
+/- periodens nedskrivning mot egenkap./s	-	-	-12.145	-	-	-
<b>GRUPPE NEDSKRIVING</b>	<b>11.200</b>	<b>10.400</b>	<b>10.600</b>	<b>22.145</b>	<b>26.395</b>	<b>23.399</b>